



Alver kommune, Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 99b5b564-8943-4969-90c0-
b5e184a0ef99

Vår: 23/4662 - 23/47867

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

16.06.2023

Uttale søknad om dispensasjon frå pbl §1-8 samt arealføremål og rekkefølgekrav i KDP - Gbnr 146/6 Fosse ytre

Tiltak: Bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 146/6
Tiltakshavar: Tonny Andre Dale
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF, frå rekkefølgekrav knytt til utbetring av fylkesveg 5476, og frå byggeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8.

Det er søkt om bruksendring frå «anna industri bygning» til kombinert føremål «næring og privat tenesteyting» her under selskaps-/forsamlings lokal med moglegheit for konferanse.

Saka er sendt på høyring til regionale og lokale mynde.

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale i samband med søknad om dispensasjon frå rekkefølgekrav knytt til utbetring av Fv.5476.

Dagens avkøyrslé støttar ikkje dei krava ein har til avkøyrslé frå offentleg veg. Det søkjast no om bruksendring av bygg til samlingslokale, og dei vil leggje til rette for utleige av lokal til kurs, konferanse, bryllaup, konfirmasjon, firma-events osv. Ein kan ikkje basere seg på at all tilkomst skal være via sjøvegen. Ei slik bruksendring vil medføre auka bruk av eksisterande avkøyrslé frå Fv.5476.

Dersom byggesak vel å gje dispensasjon frå rekkefølgekrav til utbetring av Fv.5476 bør ein setje krav om utbetring av avkøyrsla.



Det må være etablert tilstrekkeleg med parkeringsplassar for dei som skal bruke bygget. Det må også være tilstrekkeleg areal til å snu køyretøy når parkeringsplassane er i bruk.

Ved bruksendring til forsamlingslokale kan det komme krav til installering av fettutskiljar da bygget har eit kjøkken. Kravet vil ikkje være avhengig av om det er matproduksjon i lokalet eller om mat vert ordna frå eksternt hold. Så lenge det er lagt til rette for anretning og vask av servise vil krav om fettutskiljar gjelde. Det er, per dags dato, berre private hus haldningar som har fritak frå krav om fettutskiljar. Fett skal ikkje førast til slamavskiljar eller til reinseanlegg, då dette vil føre til at slam vert klassifisert som spesialavfall.

Vi har elles ingen merknader i saka.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG